

Studieplan for Lesing for lærere i grunnskolen 2, videreutdanning (15 studiepoeng) (2013–2014)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 15

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Hos oppdragsgjevar, Rygge kommune.

Kontakt

HiØ VIDERE

Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Jobb og videre studier
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Informasjon om studiet

Dette er andre del av eit studium på oppdrag frå Rygge kommune. Målgruppa er lærarar som er tilsett i grunnskolen. Det er ein føresetnad at deltakarane har kontakt med ein grunnskole der det er muleg for dei å hente inn materiale og ta del i læringsarbeid.

Hva lærer du?

Studiets læringsutbytte

Kunnskapar:

Studenten

- har inngående kunnskap om barn si skriftspråklege utvikling
- har innsikt i leseopplæring i høve til historisk utvikling
- har inngående kunnskap om teoriar om lesing og leseopplæring
- har innsikt i korleis ein kan møte utfordringar og utnytte mulegheiter ved leseopplæring i ein fleirkulturell skole
- har inngående kunnskap om ulike teksttypar og lesing som læringsstrategi

Ferdigheiter:

Studenten

- kan organisere og drive tilpassa leseopplæring på alle trinn etter fagleg grunngitte prinsipp
- kan vurdere og bruke relevante undervisningsmetodar i leseopplæringa for elevar med norsk som andrespråk
- kan leggje til rette for at elevar får lese eit breitt utval av litteratur, også sakprega tekstar i tradisjonelle og moderne medium, at dei utviklar leselyst og gode lesestrategiar og blir stimulerte til vidare lesing
- kan drive systematisk arbeid med lesing som læringsstrategi i ulike fag
- kan virke som ein ressurs i samarbeidet med andre lærarar om leseopplæringa ved eigen skole

Generell kompetanse:

Studenten

- kan vurdere eigen og andre sin praksis og grunnngi vurderingane
- kan formidle kunnskap om leseopplæring munnleg og skriftleg

Opptak

Bestått lærarutdanning i tillegg til bestått kurset *Lesing for lærarar i grunnskolen 1 (15 studiepoeng)* eller tilsvarende vidareutdanning for lærarar.

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhold

Innhaldet i studiet skal gje utvida kunnskap om og innsikt i teoriar om lesing og om leseopplæring. Sentralt i studiet er drøfting av ulike måtar å leggje til rette for lesing i alle fag og for alle elevar - majoritetsspråklege og minoritetsspråklege, gutar og jenter. I denne delen av vidareutdanninga vil ein også leggje vekt på vidareformidling av kunnskap om lesing i skolen.

Studiet ser på lesing i eit breitt tekstperspektiv: fagtekstar og skjønnlitterære tekstar. Digitale tekstar (komplekse samansette tekstar) er ein sjølvsgt del av tekstutvalet, og IKT blir brukt både som verktøy og som arena for læring, kommunikasjon og innhenting av informasjon. Samanhengen mellom teori og praksis dannar grunnlaget for studiet, og derfor er ein sentral del av arbeidet knytt til eigen undervisningspraksis/eigne praksiserfaringar og til vidareformidling av slik kunnskap på eigen arbeidsplass.

Se studiemodell under

Organisering og læringsformer

Studiet er samlingsbasert. Det er to samlingar i haustsemesteret og tre samlingar i vårsemesteret. Oppgåver skal leverast i Fronter, og tilbakemelding frå faglærar og faglege ressursar blir også lagt der. I tillegg til undervisning blir samlingane brukt til erfaringsdeling med utgangspunkt i praksisopplegg deltakarane gjennomfører i eigen klasse.

Deltakarane arbeider med fagdidaktiske oppgåver til fagstoffet mellom samlingane. Oppgåvene knyter saman teoretisk fagstoff, didaktisk refleksjon og praksisaktivitetar. Utprøving i eigen arbeidssituasjon og bruk av eigne didaktiske erfaringar er sentrale element.

Gjennom studiet skal studentane utvikle ferdigheitene sine og samhandle med andre deltakarar om sentrale utfordringar i faget. Denne delen av handlingskompetansen til ein lærar kan ein ikkje tileigne seg berre ved lesing, men må opparbeidast i dialog på samlingane og i arbeid med oppgåver mellom samlingane.

Arbeidskrav:

Desse arbeidskrava må vere godkjende før studentane kan framstille seg til eksamen:

1. 80 % deltaking på samlingane
2. Kvar student eller studentgruppe leverer 4 arbeidskrav til fastsett tid.

Arbeidskrava inkluderer oppgåver knytt til arbeid i skolen, og skal vere leverte/utførte innan fastsette fristar i semesterplanen. Arbeidskrava blir vurdert til "Godkjent" eller "Ikkje godkjent". Studentar som leverer/utfører arbeidskrav innan fristen, men som får vurderinga "Ikkje godkjent", har høve til ei ny innlevering. Studentane må då sjølve avtale nyvurdering av arbeidskravet med den faglæraren som har ansvar for arbeidskravet.

Alle arbeidskrava må vere godkjende seinast tre veker før eksamen for at studenten kan framstille seg til eksamen.

Praksis

Det er ingen praksis i studiet. Men det er ein føresetnad at deltakarane er tilsette i grunnskolen eller har kontakt med ein skole der det er muleg for dei å hente inn materiale og ta del i læringsarbeid.

Evaluering av studiet

For at SKUT skal kunne tilby ei aktuell og relevant utdanning med god kvalitet, er vi avhengige av tilbakemeldingar frå studentane. Studentane skal derfor ved slutten av studiet gjennomføre evaluering på skjema frå SKUT.

Tilbakemelding underveis

Tilbakemelding på innleverte/utførte arbeidskrav kan vere både frå medstudentar og frå faglærarar. Tilbakemeldingar kjem via e-læringsplattforma Fronter og/eller munnleg på samlingane.

Vurdering

Eksamen er todelt og består av:

Del 1. Individuell, skriftleg heimeoppgåve på 2000 ord etter ei gitt problemstilling. Oppgåva blir gitt på siste samling, og frist for levering er 8 arbeidsdagar deretter. Hjelpemiddel er tillatne, og norm for kjelde- og sitatbruk på HIOF sine heimesider (biblioteket) skal nyttast.

Del 2. Individuell, munnleg eksamen, 25 minutt. Til innleing vil den skriftlege oppgåva vere tema. Deretter vil det vere ein fagleg samtale om tema frå pensum. Ingen hjelpemiddel er tillatne.

Begge deleksamenar må vere bestått i same semester.

Vurderinga blir gjort av to sensorar, ein intern og ein ekstern, og resultatet ved munnleg eksamen og skriftleg heimeoppgåve blir slått saman med lik vekt på begge. Gradert karakterskala A - F der A er beste karakter, E lågaste beståtte karakter og F betyr ikkje bestått.

Litteratur

Litteraturliste oppdatert 06.09.2013

Felles litteratur:

Fagbøker:

Bråten, Ivar (red.) (2007): Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet - teori og praksis. Oslo:

Cappelen Akademisk Forlag

Elsness, Turid F. (2012): Å lære å lese med transparente skriftspråk. Oslo: Akademika Forlag

Henning, Åsmund (2010): Litterær forståelse. Innføring i litteraturdidaktikk. Kapitlene: «Hvorfor leser

barn og unge litteratur?», «Hvordan leser barn og unge litteratur?», «Leselyst» Oslo: Gyldendal

Kverndokken, Kåre (red.) (2013): Gutter og lesing. Kapitlene: 1, 3, 5 og 10 Bergen: Fagbokforlaget LNU

Kverndokken, Kåre (2012): 101 måter å lese leseleksa på. Kapittel 1 og i tillegg 6 selvalgte aktiviteter fra

kapittel 2. Bergen: Fagbokforlaget LNU

Mjør, Ingeborg og Tone Birkeland, Tone (2012): i Mjør: Barnelitteratur - sjangrar og teksttypar.

Kapitlene: «Bildebøker» og «Fagbøker for barn». Cappelen Damm Akademisk

Skjelbred, Dagrun (2010): Fra Fadervår til Facebook. Bergen: Fagbokforlaget LNU

I kompendium (som legges ut i Frontermappe under ARKIV):

Alver, Vigdis og E Selj (2008): «Å lese fagtekster på andrespråket» i E. Selj og E Ryen (red.): Med

språklige minoriteter i klasserommet. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Kulbrandstad, Lise Iversen (2003): «Å lese på andrespråket» i Lesing i utvikling. Bergen:

Fagbokforlaget

Nygjordet, Bjørg (2010): «Små barn på nett» i Tønnessen, Elise Seip (red.) Sammensatte tekster: barns

tekstpraxis. Oslo: Universitetsforlaget

På internett:

Ansaldo, Kristina (2012): «Språk och ämnesundervisning i det flerspråkiga klassrummet» i Arntzen,

Due og Hjelde: Flerspråklig oppvekst. Høgskolen i Østfold

http://brage.bibsys.no/hiof/handle/urn:nb:no-bibsys_brage_28826

Hvistendahl, Rita og Astrid Roe (2009): «Leseprestasjoner, lesevaner og holdninger til lesing blant

elever fra språklige minoriteter» i Norsk pedagogisk tidsskrift nr 4-2009

www.uv.uio.no/forskning/doktorgrad-karriere/forskerutdanning/kurs/host-2009-ils/npt-2009-4-3-hvistendahl-roe-1.pdf

Karlsson, Anna-Malin og Per Ledin (2000): «Cyber, hyper och multi - några reflektioner kring IT-

ålderens textbegrepp» i Human IT. <http://etjenst.hb.se/bhs/ith/23-00/amk.htm>

Selvalgt litteratur (litteraturliste med selvalgt pensum leveres i Fronter før 15. april)

Bildebøker:

4 av bildebøkene som blir omtalt i undervisningen

Faglitteratur:

Minimum 200 sider relevant faglitteratur (i tillegg til felles pensum) i forbindelse med arbeidskrav. Dette kan være fordelt på flere arbeidskrav.

Jobb og videre studier

Lesing er eit satsingsområde i skolen i dag, og lærarar med vidareutdanning i lesing vil vere ettertrakta.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Unni Hagen 11.09.2013

Studieplanen gjelder for

Høst 2013

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2013

Lesing for lærere i grunnskolen 2

LS15LES213 · Del 1 av 2
Lesing for lærere i grunnskolen 2

Vår 2014

Lesing for lærere i grunnskolen 2

LS15LES213 · Del 2 av 2
Lesing for lærere i grunnskolen 2

15 stp

LS15LES213 Lesing for lærere i grunnskolen 2 (Høst 2013–Vår 2014)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: 1 år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Studiet *Lesing for lærere i grunnskolen 2 (15 studiepoeng)* består kun av ett emne. Det foreligger ingen egen emnebeskrivelse. Se studieplan.